

COVID-19: TILTAK OG TILRÅDINGAR I ALVER, ASKØY, BJØRNAFJORDEN, OSTERØY, SAMNANGER, VAKSDAL OG ØYGARDEN KOMMUNE I SAMBAND MED SMITTESITUASJONEN I BERGEN

Bergen har innført egne korona-tiltak for å handtere smitteutbrotet i kommunen. Tiltaka gjeld frå 29. oktober til 26. november.

Alver, Askøy, Bjørnafjorden, Osterøy, Samnanger, Vaksdal og Øygarden har tett kontakt med Bergen, både gjennom pendling, handel, kulturarrangement og sosiale aktivitetar. For å avgrense smittespreiing vil kommunane etter råd frå Folkehelseinstituttet (FHI), tilrå nokre av dei same smitteverntiltaka som Bergen.

Desse nye tilrådingane gjeld frå 29. oktober til 26. november 2020. Dei nasjonale smittvernråda gjeld òg.

Dei nye smitteverntiltaka er:

- Ikkje fleire enn fem gjester heime, i tillegg til dei du bur med. Dette er i samsvar med dei nasjonale råda.
- Maksimalt 50 deltakarar på offentlege arrangement utan fast sitjeplass. For arrangement med faste sitjeplassar gjeld framleis grensa på 200 personar.

I tillegg til nasjonale råd tilrår Alver, Askøy, Bjørnafjorden, Osterøy, Samnanger, Vaksdal og Øygarden:

- Serveringsstader som serverer alkohol, slepp ikkje inn gjester og serverer ikkje brennevin etter klokka 24.
- Serveringsstader har system for registrering av gjester.
- Lyden på utestader og serveringsstader skal vere på eit slikt nivå at gjester kan halde ein samtale med 1 meters avstand.
- Heimekontor for innbyggjarar som er avhengige av kollektivtransport, der det er praktisk mogleg og hensiktsmessig.
- Bruk munnbind på kollektivtransport til og frå Bergen dersom du ikkje kan halde 1 meters avstand.

Skal du til Bergen kommune, må du følgje Bergen sine påbod. Dette gjeld mellom anna bruk av munnbind innandørs på offentlig stad og på kollektivtransport der du ikkje kan halde 1 meters avstand. [Les meir på Bergen kommune sine nettsider.](#)